

El-ferje over Romsdalsfjorden

Selskapet som no driv ferjesambandet over Romsdalsfjorden har anbodet fram til 2031. Desse åra bør vi bruke til å planlegge ei eventuell ferjefri kryssing av fjorden. Kan hende ender det opp med at ferjer er best.

Møreaksen gjennom Molde og undersjøisk tunell på 16 kilometer seier Møre og Romsdal SV nei til. Til og med lastebilsjåførane og transportnæringa samt mange som kjenner seg redd i tunell under havet seier nei.

Det finst alternativ til fastlandssamband for Gossa og Otrøya. Ein treng ikkje å bygge to vegar over Ørskogfjellet for å få til fastlandssamband på Romsdalskysten.

Romsdalsaksen må utgreiast meir då han på ein god måte fell inn i allereie eksisterande samferdselinfrastruktur. Tresfjordbrua har rikeleg med kapasitet og vegen over Ørskogfjellet treng midlar til å utbetre allereie eksisterande trase. E136 – eksportvegen – må ikkje lide på grunn av fantasikryssingar på 16 kilometer langt ute i fjorden under havet.

Inntil vidare er vegane mellom el-ferjene Møre og Romsdal SV si hovudprioritering i lag med lokal tilrettelegging for sykkel og gåing.

Møre og Romsdal SV

Sendast til alle media i Romsdal